

Visitaforedrag

Visitaforedrag i Suldal, 29. november – 5. desember 2021

Innleiing

Eitt ord samlar alt eg vil seia etter denne veka: Takk! Sokna i Suldal har vist seg frå si beste side.

Me som har vore på besøk har sett at bygdene her er gode plassar å bu. Me har sett utover Sandsfjorden i gangfart og sol, stått ved kyrkja på Jelsa og sett utover, køyrt oppover langs elva til Suldalsosen i magisk vinterlandskap og sett kor fint folk bur rundt fjorden i Erfjord. Visst byr avstandar og vegar på utfordringar og spenning, men fjella, fjorden og buplassane dykkar er ein god bakgrunn for å forkynna skapartru, takk og lovprising – og ei flott ramme for livsglede og fellesskap.

Tenk at me skulle komme her same veka som meldinga kom om at politikarane også har skjønna at her trengst det sikring av ferdselsårene så snart som mogleg. Å vera trygge på vegen er eit grunnleggjande behov. Det har vore synleg i både kyrkjebøna og pressa. Endeleg er det høyrte. Vegane er viktige lokalt, men det er – for å bruka ei bibelsk formulering – ei glede for heile folket at ein kjem godt i gang med arbeidet med å sikra vegane.

Visitasen.

Ein bispevisitaforedrag handlar mellom anna å bli kjent og læra. Me har hatt gode møte med stab, sokneråd og fellesråd. Me har treft dei som tek vare på viktige oppgåver i små stillingar, møtt glade born på onsdagsklubben i Erfjord og besøkt Norsk Stein. Me var ilag med kjekke konfirmantar, og med 8.klassingar på skulen på Sand, og me såg gode andlet med mykje livserfaring på Vinjarheim. Me har hatt bønnevandring frå skulen til kyrkjegarden på toppen av Sand og møtt kommunedirektør og ordførar.

Suldal som lokalsamfunn

I Suldal er det mogleg å finna mykje av det som folk ønsker seg. Me har sett fellesskap som inkluderer nye og får innflyttarar til å bli verande, både i Erfjord, Sand og i Suldalsosen. På Sand finst det soknepresten kallar Rogalands minste by, med mykje bysosiologi og eit godt

kulturtilbod. Naturrikdommen gjev kommune og næringsliv moglegheit til å gje alle som bur her gode rammevilkår.

Kyrkjelydane i dag

Folk me har møtt snakkar om sterke band mellom folk og kyrkje. Det finst folk som kjem ofte til gudsteneste, levande bedehus med storsamlingar og breitt barnarbeid og mange som kjenner at kyrkja er deira, sjølv om kvardagen ikkje inneheld så mange kyrkjebesøk.

Oppslutninga om dåp, konfirmasjon og andre kyrkjelege handlingar er svært god, ofte slik at alle tek del. Trusopplæringa har skapt nye møtepunkt som gjer at fleire kjem i kyrkja, fleire gongar i året. Kyrkja lever saman med alt det andre som finst, vevd inn i livet, ikkje isolert.

Erfjord

I Erfjord kan ein gle seg over ny parkeringsplass ved kyrkja, gode tilbod til barn, unge og vaksne på Betel og kjekke aktivitetar i trusopplæringa. Det er organisert forbøn for bygda og det har vore 100 prosent oppslutning om konfirmasjon blant kyrkjemedlemmane minst fem år på rad.

Møtet med konfirmantane i Erfjord gav eit interessant innblikk i kva ungdom spør om når dei møter ein biskop. Det handla om biskopen som person, om rett og gale og om tru, relasjonar og meining.

Det er lett å få merksemd ved å gå høgt ut i ulike stridsspørsmål. Me treng å møta menneske med respekt for deira erfaring, tankar og utfordringar. Kyrkja er ikkje lenger i ein posisjon der me vil eller skal seia korleis folk skal leva, i monologs form, med fordøming for dei som tenker eller gjer annleis. Jesus sa jo nettopp at han ikkje kom for å døma eller stenga folk ute, men for å gje nytt håp og visa veger til det gode, midt i alt som er vanskeleg.

Den tilliten kyrkja ofte får er bygt på ein tillit til at kyrkja vil alle slags menneske vel. Det er nåde, kjærleik og håp som er kjernebodskapen vår. Eg ser gjenskinet av respekt og interesse for alle slags menneske i sokneråd og leiarar hjå dykk. Jesus møter oss ikkje med fordøming, men med nytt håp og kall til å vera noko godt for kvarandre. Det er å dela tru, håp og kjærleik som gjer det flott å vera kyrkje. Det håpar eg alle som kjem innom kyrkjene får med seg.

Jelsa

På Jelsa ligg det ei kyrkje som inneheld kulturskattar av nasjonalt format. Her kan ein gå rett frå samtida og inn i historia, med gjenstandar som viser kyrkje- og menneskeliv frå tida før kristendommen kom til nå. Jelsa-kyrkja var ei av dei viktigaste kyrkjene i Rogaland tidlegare, og ho er framleis viktig og spennande, langt ut over sine eigne grenser. Øystein Haga viste oss rundt og me kunne gjerne lært meir enn det me rakk før tida var ute.

Jelsa-kyrkja er ei viktig pilegrimskyrkje, og det er flott at ho og andre har fått QR-koder med lenke til informasjon om kyrkja til dei som kjem forbi.

At det nå ikkje er så mange som kjem til vanlege gudstenester i Jelsa-kyrkja kan snu seg. Kyrkja vil gje eit tilbod også der det ikkje er mange som har for vane å vera faste kyrkjegjengarar. Sokneråd og presteteneste kan spela godt saman om korleis det er best å leggja opp gudstenestelivet og korleis ein kan opna kyrkja for fleire.

Eg fekk vera med då Marvik kapell i haust feira 100 år, og merkte meg kor stolte folk der er av kyrkja si.

Dei båtane som kjem til Norsk Stein på Berakvam er ikkje akkurat pilegrimsbåtar, men kjem for å henta norsk stein til nyttige prosjekt langs kysten av Europa. Det er fascinerande å sjå korleis ein kan arbeida profesjonelt i stor skala ut frå ein liten stad. Det er viktig for lokalsamfunnet å ha verksemder som skapar arbeidsplassar og me fekk møta ein bedrift som er oppteken av å driva på ein god måte for omgjevnadane. Me møtte smittsam arbeidsglede og imponerende evne til å få produksjonen til å gli frå steinbrot til utskiping.

Det er ressursar som ligg klart i dag som held i 10-15 år til, og det me fekk høyra var at vegen vidare vil bli teikna opp gjennom at alle vil få seia si meining og demokratiet til slutt tek avgjerdene. Vårt møte med både verksemd og kommune skapte tillit til at det er god forståing for breidda av naturomsyn og ulike behov i lokalsamfunnet blant dei som tek avgjerder.

Sand

I Sand sokn er kvar sundag kyrkjedag. Det er imponerende at sokneråd og tilsette går saman om å gje eit tilbod kvar sundag.

«Kvar søndag er kyrkjedag» har som mål å samla folk om interessante tema med eit breitt spekter. Dette passar godt i folkekyrkja og gjev kyrkjelyden fleire bein å stå på. Kyrkjelyden kan også bygga arenaar utanom det tradisjonelle arbeidet der folk kan møtast, oppleva noko saman eller gje rom for interessante samtalar. Me håpar mange nok vil engasjera seg til at kvar søndag framleis kan vera kyrkjedag på Sand.

Suldal

Frå Suldal sokn fekk me høyra om eit rikt tilbod til barn og unge på bedehuset og ei kyrkje som ligg sentralt plassert i bygda og har opne dører for alle som kjem. Kapellet på Nesflaten har også eit jamt gudstenestetilbod. Å vera til stades også på dei stadene det er lengre til sentrale strom er også ein viktig del av å vera kyrkje. Det er flott at nokre frå Suldal reiser til gudsteneste på Sand og på Nes også. Ikkje minst er det gledeleg å høyra om korleis folk trivst i bygda. Det er eit godt teikn når innflyttarar blir lenge og ungdom som reiser ut kjem tilbake.

Vegen vidare

Når vegen blir betre, vil det også bli enklare å bu i Suldal. Trendar i heile landet og heile verda trekk folk mot byane, men alle som bur i distrikta veit at det kan gje ein eigen livskvalitet som fleire godt kan få del i.

Sjølv om me har sett mykje flott, så veit me at livet ikkje blir godt å leva utan at me er der for kvarandre. At nokon helsar på og viser interesse for dei nye. At nokon set av tid til å skapa møteplassar. At nokon bygg arenaar der barn og unge trygt kan leika, veksa og finna seg sjølv. Det vil framleis vera bruk for både frivillige medarbeidarar, soknerådsmedlemmar og tilsette som sørger for at kyrkja er til stades i alle deler av livet, ikkje minst når det er vanskeleg.

Me treng å dela på oppgåvene og invitera nye inn i dei. Det kan bli nye andlet på både preikestol og i kyrkjedøra framover. Kanskje nokre ungdommar har lyst til å prøva seg som kyrkjetenarar? Me har også sett at viss du trivst på bygda og ikkje er redd for å køyra litt frå plass til plass, så kan sokna i Suldal vera gode stader å vera prest. Den staben som nå er på kyrkjekontoret kan me anbefala nye å gå inn i.

Som mange andre stader i bispedømmet kunne kyrkja utretta meir med meir ressursar, men kyrkjelydane her brukar ressursane dei har på ein god måte. Dei siste åra har ein også utvikla

fellessatsingar på område der det er tenleg, til dømes i diakoni, trusopplæring og konfirmantarbeid. Sokneråda samarbeider også når det er formålstenleg.

Elles er det godt samarbeid mellom kyrkje og skule, og flotte musikalske ressursar i kommunen. Kyrkjelydane har spennande og viktige misjonsavtalar med organisasjonar som passar kvar stad. Frivillige bidreg med andaktar på institusjonar. Det finst viktige møtepunkt i sorggrupper, besøk til flyktningar og faste samlingar på institusjonane, både for eldre og menneske med utviklingshemming.

Saman med dette visitasforedraget vil sokneråd og tilsette få ei liste med utfordringar de kan ta opp vidare. Desse dagane har vist oss at her er det mykje fint å ta med seg vidare.

Avslutning

Du kan leva eit godt liv utan å tenkja på skaparen kvar dag. Men kvar dag du kjenner på det gode i livet, kjenner du det gode Gud har lagt ned i verda. Langs fjordane og oppe i heiene kan de sjå og takka for det rommet Gud har gitt oss å leva i.

Me som er så heldige at me får vera ofte i kyrkja, er likevel heldige som ofte blir minna om nærværet av Gud i verda. Det er det me får når me går på gudsteneste, og kan leggja bekymringane våre fram for Gud i bøn, reflektera over våre liv i Guds lys i forkynninga og ta imot kraft og velsigning frå dåp, nattverd og salmesong. Nokre er så heldige at dei ofte får påfyll av dette, andre får punktvis møte som me vonar kan sitta lenge i.

Eit godt lokalsamfunn bygger på verdiar kyrkja deler med heile verda, uavhengig av tru og religion. Det er ei teneste for Gud å vera ein god lærar, ein god handverkar eller eit menneske som tek del i omsorg og fellesskap. Livskalla våre kan levast ut på mange arenaar.

Eg håpar mange vil halda fram med å finna dykkar plass i kyrkja, anten det er som deltakar på gudsteneste, i festklede ved ein konfirmasjon eller som ein av dei mange som stiller opp på små eller store oppgåver. Gud er til stades i heile livet, og kyrkja hjelper oss å sjå det. Det gjev livet og fellesskapa våre rikare. Tusen takk til alle dykk som bidrar til gode liv i Jelsa, Erfjord, Sand og Suldal sokn.